

Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 16/4657-1

Desentralisert ordning tilskot til kulturbygg – Uttale

Fylkesdirektøren rår hovudutval næring og kultur til å vedta følgjande uttale:

Lokalt kulturliv treng gode rammevilkår for å vekse og utvikle seg, og eigna lokaler er ein viktig faktor der staten kan spele på lag med kulturlivet i heile landet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er uroa for den store og raske statlege nedbygginga av tilskotsordninga *Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg* med ein halvering i avsettinga av spelemidlar til føremålet i løpet av dei siste to åra. Behova i kommunar og lokalsamfunn er store, og reduksjonen i løyvingane til lokale og regionale kulturbygg vil derfor ha svært negative konsekvensar for det lokale kulturlivet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune oppmodar om at staten anerkjenner viktigheita av denne tilskotsordninga på same måte som ein anerkjenner viktigheita av gode ordningar som finansierer anlegg til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Vi ventar at ordninga vert oppretthelden, og at løyvingane vert auka til opp i tråd med behovsvurderingane, minimum til 2014-nivå.

Tal søknader i Sogn og Fjordane til ordninga har auka, medan løyvingane går ned. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at kriteria for tildeling vert endra til ei behovsprøving. Vi utfordrar staten til å samarbeide med representantar for lokalt og regionalt kulturliv for å utvikle ordninga til beste for kvardagskulturen i heile landet.

Vedlegg:

Løyvingar til Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg 2006 – 2016.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

I denne saka ber fylkesdirektøren om at hovudutvalet uttalar seg om ordninga «Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg». Uttalen går til kulturdepartementet, med kopi til KS og stortingsrepresentantane frå Sogn og Fjordane.

1. Bakgrunn for saka

Den statlege avsettinga av spelemidlar til tilskotsordninga «Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg», frå no kalla kulturbyggmidlar, er redusert frå 128 til 63 mill. kr dei to siste åra, og altså meir enn halvert i denne perioden.

Kommunenenes Sentralforbund (KS) fekk mandat av landstinget i februar 2016 å også arbeide med kultur i den neste 4-årsperioda. M.a. gjennom formuleringane:

Landstinget:

- forventer at KS arbeider for å styrke egen organisasjon på kulturfeltet
- mener at staten må øke rammetilskuddene slik at kulturanlegg kan prioriteres og bygges ut i kommunene.

Konsultasjonsmøte på kulturfeltet mellom KS og kulturdepartementet

I november 2015 vart m.a. eit nasjonalt kulturløft drøfta. Her vart det slått fast at «den kulturelle grunnmuren trenger vedlikehold og rehabilitering» jf. Kulturutgreiinga 2014. Vidare vart det sagt at «KS kan forslå et samarbeid om et felles løft for å utvikle en nasjonal kulturpolitikk som er tuftet på et levende lokalt og regionalt kulturliv der KS, som kommunenes interesseorganisasjon, vil kunne ta en rolle som fasilitator.»

Her skal ein starte med:

- «1. Kartlegging av status på lokaler som brukes til kulturformål i kommunene og fylkeskommunene for å få en oversikt over hvordan status er, og hvilke behov som kan ligge til grunn for et lokalt og regionalt kulturløft nasjonalt.
2. Skape lokal, regionale og nasjonale dialogarenaer som har til hensikt å skape en oppstrøms prosess som bygger på, og kobler nasjonal kulturpolitikk tettere til lokalt og regionalt kulturliv.»

Fylkeskultursjefane har drøfta situasjonen med dei reduserte rammene, og meiner dette er ei sak der det bør setjast politisk tyngde bak. Vi utfordrar med dette til politisk engasjement rundt denne saka framover. Fleire fylkeskommunar har alt gitt politiske uttaler i tråd med det som ligg i fylkesdirektøren sitt framlegg til uttale.

2. Saksopplysningar

Fylkeskommunane har i dag ansvar for desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg.

Midlane er svært viktige for å kunne oppretthalde og utvikle ein infrastruktur for det lokale og regionale kulturlivet. Fylkeskommunane har ikkje registrert at behovet for gode øvings- og framføringsarenaer er redusert. Tvert om, er det stort etterslep både når det gjeld tilrettelegging, rehabilitering, og nye arenaer.

Kulturutgreiinga 2014 viste at den lokale kvardagskulturen – den kulturelle grunnmuren – måtte styrkast i kulturpolitikken. Tilskota til kulturbygg har vore viktige byggesteinar nettopp i den kulturelle grunnmuren, og det er difor oppsiktsvekkande at midlane til dette formålet no er halvert.

Fylkesvis fordeling av spelemlidlar til kulturbygg

Kulturbygg – statleg løyving og tal søknadar 2015 - 2012									
Fylke	Løyving 2015 Mill.	Søkn. 2015	Løyving 2014 Mill.	Søkn. 2014	Løyving 2013 Mill.	Søkn. 2013	Løyving 2012 Mill.	Søkn. 2012	Mill. kr p.r. søkn. 2015
Telemark	3,9	1	5,1	1		2	4,1	1	3,9
Sør-Trøndelag	5,5	1	7,1	3		7	5,7	1	5,5
Finnmark	3,2	3	4,3	3		2	3,4	3	1,0
Aust-Agder	3,19	5	4,1	7		10	3,3	7	0,6
Buskerud	5,0	6	6,5	9		7	5,2	5	0,8
Nordland	5,0	6	6,6	11		15	5,3	18	0,8
Rogaland	7,1	6	9,1	16		23	7,2	26	1,1
Møre og R.	4,9	7	6,4	8		8	5,1	5	0,7
Nord-Trønd.I.	3,6	7	4,7	4		10	3,7	16	0,5
Troms	3,9	8	5,1	7		2	4,1	7	0,4
Vestfold	4,5	10	5,9	7		8	4,7	8	0,4

Hedmark	4,3	11	5,7	9		12	4,5	21	0,3
Akershus	8,3	13	10,7	11		13	8,5	2	0,6
Sogn og Fj.	3,2	14	4,2	9	4,4	8	3,4	6	0,2
Hordaland	7,7	25	9,9	20		25	7,9	30	0,3
Østfold	5,0	*	6,5				5,2		?
Oslo	9,0	*	11,5				9,1		?
Oppland	4,2	*	5,6				4,4		?
Vest-Agder	3,9	*	5,0				4,0		?
SUM	96	123	125	125		152	99	156	

* Manglende informasjon på KD sin nettsider.

Nasjonale kulturbygg vs. lokale og regionale kulturbygg

I drøftingar med kulturdepartementet kjem det fram at departementet ikkje ser på det som ei statleg oppgåve å støtte opp om kulturbygg, difor kjem kanskje også denne reduksjonen i spelemidlar til kulturbygg dei siste åra.

Dei viser også til at kulturutgreiinga 2014 viser til at det er brukt mykje pengar på kulturbygg dei siste åra, og at fokuset no bør dreiest til å skape innhald i husa. Fylkesdirektøren er einig i at ein må fokusere på innhald i husa, men vil samtidig korrigere biletet til at Kulturutgreiinga 2014 sitt fokus var på dei mange store nasjonale og landsdelsdekkande kulturhusa som er bygd med store statlege løyvingar dei siste åra. Vi viser her til Operaen i Bjørvika, Kilden i Kristiansand, Kulturhuset på Hamar og Stormen i Bodø. Det har så langt fylkesdirektøren ser ikkje vore Kulturutgreiinga sin intensjon å svekke dei lokale møteplassane og kulturbygga, tvert om er konklusjonen i kulturutgreiinga at ein må styrke den kulturelle grunnmuren, der dei lokale kulturbygga har ein naturleg plass.

Kulturdepartementet har tinga ei kartlegging av aktiviteten i kulturarenarar i norske kommunar. Denne skal skje i januar til juni 2016. Kartlegginga vert gjort av Uni Research Rokkansenteret og vert gjennomført i to fasar. I mars var det sendt eit skjema til kommunane for ei første kartlegging. Svara frå denne kartlegginga vert følgt opp med et meir detaljert spørjeskjema. Fylkeskommunane som forvaltar ordninga er ikkje involvert i dette kartleggingsrabeidet, og så langt heller ikkje s purt om behovet. Fylkesdirektøren kjenner såleis heller ikkje til vidare arbeid i denne saka.

3. Vurderingar og konsekvensar

Løyvingane til kulturbygg gjennom denne ordninga har vore relativt stabile fram til og med 2014, jf. vedlagte oversikt. I åra etter har det vore ein reduksjon i løyvingane på meir enn 30 mill. kr årleg. Dette er grunna med at stadig nye tiltak, som tidligare har vore finansiert over statsbudsjettet, i staden skal bli finansiert av spelemidlane. Salderingsposten har da vore løyvinga til kulturbygg.

Fylkesdirektøren meiner det er god grunn til å stille spørsmål ved disse endringane, og vil framheve at:

- Tilskot til lokale og regionale kulturbygg er av stor betydning for den kulturelle grunnmuren, og derfor for det lokale og regionale kulturlivet.
- Behova i kommunar og lokalsamfunn er store, og reduksjonen i løyvingane til lokale og regionale kulturbygg vil difor ha svært negative konsekvensar.
- Det er grunn til å reise prinsipielle spørsmål ved at stadig nye tiltak skal finansierast av spelemidlane. Sjølv om ein kan forstå eit politisk ønskje om å frigjere midlar, har føremålet med spelemidlane aldri vore at dei skulle være ein salderingspost. Intensjonen var tvert om at spelemidlane skulle skjermes for politiske konjunkturar. Dette er også eit berande argument for å oppretthalde spelmonopolet.
- På lik line med ansvaret staten tek for finansiering av lokale og regionale anlegg for idrett og friluftsliv må staten ta ansvar for finansiering av lokale og regionale anlegg for kultur.
- Samla gjer dette også fylkeskommunen si forvaltning og prioritering av midlane uføreseieleg og svekker i stor grad fylkeskommunen sin moglegheit til å vere en regional utviklar også innan kulturområdet.

Sogn og Fjordane

Søknadstalet i Sogn og Fjordane har auka myke dei siste åra. Det er dobla på dei siste to åra. I 2016 har vi 18 søknader, mens det i 2012 var 6 søknader.

Vi ser samtidig at i 2015 fekk Sogn og Fjordane ei løyving p.r. søknad på 0,2 mill., medan vi hadde den nest høgaste søknadsmassen. Sør-Trøndelag har ei løyving på 5,5 mill. til sin eine søknad.

Kulturbyggmidlane vert delt mellom fylkeskommunane etter folketal (60 % av totalbeløpet), areal (5 % av totalbeløpet) og ei lik fordeling til alle fylkeskommunane tilsvarande 35 % av totalbeløpet.

Fylkesdirektøren meiner at på lik line med spelemidlar til idrett og friluftslivsføremål må eit av kriteria vere behovsprøving av tal søknader. Sogn og Fjordane ville truleg få større utteljing i samla løyvingssum med eit slikt kriterium lagt til grunn. Dette handlar om viktige rammevilkår for den lokale kvardagskulturen.

4. Konklusjon

Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg, har over tid vist seg å være svært viktig. Den drastiske reduksjonen i løyvingane til dette føremålet dei to siste åra vil difor ha svært negative konsekvensar for det lokale og regionale kulturlivet i heile landet. Ein ytterligere reduksjon vil sette heile ordninga i fare. Fylkeskommunen forventar difor eit tydeleg signal om at staten anerkjenner viktigheita av denne tilskotsordninga, at den vert oppretthaldt, og vert auka til minimum same nivå som før 2015.